



Helgesen Tekniske Bygg AS
Valestrandsfossen
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/170 - 18/33188

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
02.11.2018

Mellombels bruksløyve lagerhall - gbnr 212/134 Eikanger øvre

Administrativt vedtak. Saknr: 596/18

Tiltakshavar: E39 Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske Bygg AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 15.05.2018.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Asfaltering
2. Overlevering av FDV og slutføring av avfallsrapport
3. Tilpasning av båtoppheng/innredning
4. Diverse, overganger, beslag etc.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: båtlager.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 15.01.2019.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.10.2018.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Torvhusmyrane 8
Bygningstiltak:	Lagerhall
Bygningsnummer:	300693166
Bruksareal:	3590m ²



Avløp:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for deler av tiltaket på gbnr gbnr 212/134, på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: båtlager
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 15.01.2019.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/170

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

E39 Eiendom AS

c/o Hobby Boat AS 5913

EIKANGERVÅG

Øyna 1

Helgesen Tekniske Bygg AS

Valestrandsfossen 5281

VALESTRANDSFOSSEN